

Saksprotokoll i fylkestinget - 08.-09.12.2015

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Fylkestinget vedtar Regional plan for vassforvaltning for Sogn og Fjordane vassregionen 2016-2021 for dei areala som gjeld Hordaland. Planen vert sendt til Klima- og miljøverndepartementet for godkjenning.
2. Fylkestinget vedtar Tiltaksprogram for Sogn og Fjordane vassregion 2016-2021 for dei areala som gjeld Hordaland.
3. Fylkestinget vedtar Handlingsprogram for Sogn og Fjordane vassregion 2016-2018 for dei areala som gjeld Hordaland.



Arkivnr: 2014/21281-8
Saksbehandlar: Sølve Dag Sondbø

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		18.11.2015
Fylkestinget		08.12.2015

Regional plan for vassregion Sogn og Fjordane 2016-2021

Samandrag

Den regionale planen for vassregion Sogn og Fjordane er ein plan etter vassforskrifta. Formålet med planen er å utarbeide miljømål for elvar, innsjøar, grunnvatn og kystvatn. Aktuelle tiltak for å nå miljømåla er skissert i tiltaksprogrammet. Delar av kommunane Masfjorden, Modalen og Vaksdal og Voss ligg i Vassregion Sogn og Fjordane. Fylkestinget i Hordaland må vedta plandokumenta dei areal som gjeld Hordaland. fylkeskommune for areala som gjeld Hordaland. Tiltaksprogrammet for Sogn og Fjordane har få tiltak i Hordaland. Det er framlegg om problemkartlegging i 2 vassførekomstar i Hordaland. I tillegg har 4 vassførekomstar fått internasjonale forhandlingar (Gøteborgprotokollen) som tiltak.

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget vedtar Regional plan for vassforvaltning for Sogn og Fjordane vassregionen 2016- 2021 for dei areala som gjeld Hordaland. Planen vert sendt til Klima- og miljøverndepartementet for godkjenning.
2. Fylkestinget vedtar Tiltaksprogram for Sogn og Fjordane vassregion 2016-2021 for dei areala som gjeld Hordaland.
3. Fylkestinget vedtar Handlingsprogram for Sogn og Fjordane vassregion 2016-2018 for dei areala som gjeld Hordaland.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

1. Regional plan for vassforvaltning for Sogn og Fjordane vassregion 2016-2021
2. Tiltaksprogram for vassregion Sogn og Fjordane 2016-2021
3. Handlingsprogram for vassregion Sogn og Fjordane 2016-2021

Alle dokument ligg på www.vannportalen.no på adressa
<http://www.vannportalen.no/vannregioner/sogn--og-fjordane/plandokument/planperioden-2015---2021/forvaltningsplan-og-tiltaksprogram/vassforvaltningsplan-til-politisk-handsaming/>

Fylkesrådmannen, 28.10.2015

Vassdirektivet er eit rammedirektiv som EU gjorde gjeldande 22. desember 2000. Vassdirektivet vart gjort til ein del av EØS-avtalen i 2007 og legg rammer for all vassressursforvaltning i EØS-området. For å følge opp direktivet vedtok Noreg i 2007 «Forskrift om rammer for vannforvaltningen» (Vassforskrifta) som er heimla i forureiningslova, plan- og bygningslova og vassressurslova. Denne forskrifta gjev føringar for korleis Noreg skal gjennomføre arbeidet med heilskapleg vassforvaltning. Det skal lagast regionale planar med tilhøyrande regionale tiltaksprogram for kvar av dei 11 vassregionane i Noreg.

Grensene for vassregion Hordaland følgjer i hovudsak fylkesgrensene, men med nokre unntak. Totalt er 327 kvadratkilometer av Hordaland i vassregion Sogn og Fjordane fordelt på kommunane Austrheim, Lindås, Masfjorden, Modalen, Vaksdal og Voss. Det er i fjellområda i Stølsheimen Hordaland har areal i vassregion Sogn og Fjordane.

Det er framlegg om 2 problemkartleggingar (kunnskapsinnhenting) i vassførekomstane Spongavatnet og Nærøydalselvi bekkefelt. I tillegg har 4 vassførekomstar fått internasjonale avtaler (Gøteborgprotokollen som tiltak pga sur nedbør).

Vassførekomst	Påverknad	Tiltak	Sektormynde
Spongavatnet 069-25799-L	Sur nedbør	Internasjonale avtaler - Gøteborgprotokollen	KLD
Klevevatnet 072-1521-L	Vannføringsregulering	Kunnskapsinnhenting	NVE, Fylkesmannen
Dalselva bekkefelt, 070-99-R	Sur nedbør	Internasjonale avtaler - Gøteborgprotokollen	KLD
Nåselvi, 071-48-R	Sur nedbør	Internasjonale avtaler - Gøteborgprotokollen	KLD
Nærøydalselvi bekkefelt, 071-49-R	Flomverk og forbygninger	Kunnskapsinnhenting	Kommune (Aurland kommune har størst del)
Nærøydalselvi bekkefelt 071-49-R	Sur nedbør	Internasjonale avtaler - Gøteborgprotokollen	KLD

Fylkesrådmannens vurdering:

Planarbeidet er gjennomført i samsvar med planprogrammet og byggjer på eit godt kunnskapsgrunnlag. Planen er i samsvar med krava i vassforskrifta og plan- og bygningslova for utarbeiding av regional plan for vassregionen. Fylkesrådmannen si vurdering er at framlegget til plan for Sogn og Fjordane vassregion er lite kontroversielt for Hordaland sin del. Fylkesrådmannen rår til at forslaget til Regional plan for vassregion Sogn og Fjordane og tilhøyrande dokument vert vedteke for dei areala som gjeld Hordaland.